



DET KONGELIGE KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Deira ref

Vår ref

Dato

22/5836-

16. desember 2022

Høyringsnotat

Notatet inneheld følgande forslag til endring i FOR-2017-01-06-13 Forskrift om opptak til høgare utdanning (opptaksforskrifta).

§ 2-2 Utanlandsk utdanning

I gjeldande forskrift inneheld § 2-2 andre ledd ei liste over kva for testar og eksamenar som kan dokumentera at søkjaren dekkjer kravet til norsk. Det har fram til no ikkje vore mogleg å kombinere resultat frå ulike testar, ved at ein søkjar til dømes har munnleg del frå den eine testen og skriftleg del frå den andre.

HK-dir er ansvarleg for 'Avsluttande prøve i norsk (norskprøven)', og har i samband med nedlegging av Bergenstesten vurdert det til at det er fagleg forsvarleg å kombinera resultat frå desse testane. Departementet vil derfor opne for at søkjarar som berre har den eine delen av Bergenstesten kan kombinere denne, med delar av norskprøven. Endringa er meint å gjelde frå og med opptak til studieåret 2023-2024.

I tillegg er lovheimelen ikkje lenger riktig for 'norskprøven' i § 2-2 andre ledd punkt 5, sidan introduksjonslova er oppheva. Rett heimel er integreringslova § 37. Denne endringa er lagt inn i forslaget til ordlydsendringa, sjå vedlegg under.

§ 4-7 Spesielle opptakskrav til lærarutdanningar

I høyring den 18. november 2021 foreslo departementet å endre opptakskravet til grunnskolelærer- og lektorutdanninga frå opptaket til studieåret 2022-2023. Den foreslått endringa blei fastslått i endringsforskrift den 11. januar 2022 og innebar at det noe er to alternative krav for opptak til desse lærarutdanningane. Søkjarar må enten dokumentere

Postadresse
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Kontoradresse
Kirkeg. 18
www.kd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
872 417 842

Avdeling
Avdeling for høyere
utdanning, forskning
og internasjonalt
arbeid

Saksbehandler
Katrine Elida
Aaland
22 24 74 29

minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar), eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).

Denne endringa gjeld òg for søkjarar til grunnskolelærerutdanning i musikk (§ 4-7 tredje ledd) og grunnskolelærerutdanning med sørsamiske eller lulesamisk (§ 4-7 fjerde ledd). Departementet foreslår derfor ei ordlydsendring i desse to ledda, sjå vedlegg under.

Vedlegg

Forslag til ny ordlyd i § 2-2 andre ledd:

(2) Søkjarar som har utanlandsk utdanning frå land utanfor Norden, må dokumentere bestått utdanning på nivå med norsk 3-årig vidaregåande opplæring som gir generell studiekompetanse, jf. sjetteste ledd, og i tillegg dokumentere kunnskapar i norsk med éin av desse prøvane:

1. Bestått norsk med 393 timar frå vidaregåande opplæring.
2. Bestått eksamen frå trinn 3 i norsk for utanlandske studentar ved universiteta.
3. Bestått studium i høgare utdanning på minst 60 studiepoeng i norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar.
4. Skriftleg og munnleg test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), begge vurdert til «bestått» eller betre resultat.
5. Avsluttande prøve i norsk (norskprøven) med ferdigheiter på minimum nivå B2 i alle delferdigheiter *delprøvar*, jf. lov 4. juli 2003 nr. 80 om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrarakar (introduksjonslova) § 19 andre ledd [lov 6. november 2020 nr. 127 om integrering gjennom opplæring, utdanning og arbeid \(Integreringslova\) § 37.](#)
6. *Frå og med opptak til studieåret 2023-2024 kan kunnskapar i norsk også dokumenterast med en av følgjande kombinasjonar av prøvedelar:*
 - a) *Bestått eller betre resultat i munnleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med avsluttande prøvar i leseforståing, lytteforståing og skriftleg framstilling frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum nivå B2 som resultat i alle tre delprøvar.*
 - b) *Bestått eller betre resultat i skriftleg test frå test i norsk, høgare nivå («Bergenstesten»), saman med delprøve i munnleg kommunikasjon frå norskprøven (jf. pkt. 5 ovanfor) med minimum B2 som resultat.*

Forslag til ny ordlyd i § 4-7 tredje og fjerde ledd

(3) Grunnskulelærarutdanning med musikk har krav om at søkjarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) *eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar).* Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. Søkjarar kan i tillegg måtte gjennomføre ei opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. I tillegg må søkjaren dokumentere kunnskapar og ferdigheiter i musikk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.

(4) Grunnskulelærar- og barnehagelærarutdanning med sørsamisk eller lulesamisk har krav om at søkjarar må dokumentere kunnskapar i sørsamisk eller lulesamisk språk etter nærmare reglar fastsette av institusjonen. For grunnskulelærarutdanning gjeld i tillegg at søkjarar må dokumentere minimum 35 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum

karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 4,0 i fellesfaget matematikk (224 timar) *eller minimum 40 skulepoeng og eit gjennomsnitt på minimum karakteren 3,0 i norsk (393 timar) og 3,0 i fellesfaget matematikk (224 timar)*. Karakterkravet i matematikk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i matematikk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande. Søkjarar kan i tillegg måtte gjennomføre ei opptaksprøve i form av eit intervju etter nærmare reglar fastsette av institusjonen.